U. B. BERGEN
Ms. 1162/11

Vik 22. 4. 1918

Gode Lavik!

Jau menn. Kom no pennen upp i gripen! D'er fjelldjupt pytt. Det er no eitt og anna skarve brev i u=nei naudtrengsmaal. Elles larrar no livetida so herleg i veg. Kva hastar? Ingen ting kann eg trü. Ein ser no ikkje paa si eiga grav og gjera gov det som ikkje vart gjort, naar so langt kjem. Nei: Dessutan er det mat dei ropar paa no. Folk vil ikkje svelte i hel. Svelt dei i hel um dei ikkje for vers? Kann kje trü det. Ergo: dei lyt faa mat som dei kjemer i munn og mage. Elles so er det ingen ting meir no lenger, naar kysten vinn. Daa vil eg leige meg inn hjaa mannen i maanen.

Trur du dette brypsor og lystar som eit rett=slett husvivlebrev, so forreknar du deg paa meg no! Eg tek til aa faa folkevit,

godt stödt folsevis, eg og oss. Eg er ikkje ute paa anna enn jobb – ærleg jobb; ikkje blodsuging, som desse samvitslöysene som gror upp i alle leitene no um dagen. No vil eg selje garden, fann. Eg svelt for lite no. Kvi skal eg gjöde meg lenger? No hev eg havt han i tvau aar, no maa eg ha byte. Tvo maanader paa same stad var overleg nok; og tenk so tvo aar! Eg skynar ikkje kor eg hev vore vören.

Ja no maa eg ha ei lysing i „Gula". Her er no vel du som kjöper – tenk me hev selt 100 kg. smör paa eit halvt aars tid. God jord! No tykkjer eg alt dette smöre hev lagt seg um hjarta paa meg – eg lyt brode det av meg att.

Aa gjer meg den tenesta aa setje slik lysing inn i „Gula". (Paa 3dje sida). Eg plaagar deg med dette, fyr di eg sjölv ikkje veit korleis ut eller inn med ei slik lysing. Eg vil ikkje ha namne mitt under, eg hev ein viss motstug fyr det. Gjer vel aa skrive til lysinga det som trengst, um at „Gula" viser

Gard fal.

Ligg 3–4 timar med eimbaaten nord fyr Bergen, ei halv mil fraa sjöen. Föder 4–5 kyr; 8–9 tunnor korn, kring 20 tunnor poteter. Bra beitesmark, noko ved, likeleis torvmyr. Vaaronni er gjord. Um kjöparen ynskjer fyl gmis bunad og noko buskap med. Billeg, um det vert snar handel.

„Gula Tidend" sendestova gjev naamare upplysingar.

NB Breve til turvbe att

til, eller noko slikt, so at kjöparen kjem i samband med meg og for den greide han vil. Eg maa nok ha det inn 9–10 gonger i bladet. Pengar skal eg sende straks eg fær vite kor mykje det skal bli.

Orsak gnaale, so skal de faa noko vers-gnaal i bladet naar folk tek til aa glöyme meg!

Helsing
Olav Aygard.
adr Vik, Hundven.